

Til eigarane av Sogneprodukt as

Vik, desember 2014

Sogn og Fjordane - best på arbeidsinkludering i landet?

Sogneprodukt ynskjer å vere «*Ei bru til arbeidslivet*» - klarer me det i framtida?

Kva tenkjer eigarane?

Å ha ein jobb å gå til, å få løn på bankkontoen og vere ein del av eit arbeidsmiljø er avgjerande. Det er trivsel, det samtaleemne, det er økonomi, det er fridom. Jobb er livskvalitet. For dei fleste går dette fint, men ikkje for alle.

Det er mange årsakene til at personar ikkje får seg arbeidsplass. Det kan vere ulike sjukdomar, ulukker, manglande fullføring av utdanning, svake språkkunnskapar med meir. Det for mange ungdomar og framandspråklege som ikkje får jobb. Verst er dette for einskildpersonane det gjeld, men det er også ei utfordring for familiar, kommunen og velferdsstaten.

I Sogn og Fjordane var det ved utgangen av november 5276 personar som er arbeidssøkjjarar (inkluderer alle på tiltak, dei med nedsett arbeidsevne og vanlege arbeidssøkjjarar). Av desse har 2308 stått utan jobb i 6 månadar eller meir. Det er 642 ungdommar under 25 år og 1074 framandspråklege (tal frå NAV SFj.).

Staten brukar mykje pengar på å leggje til rette for at alle skal få jobb. Mange vert likevel ståande utanfor arbeidslivet. Regjeringa har no vedteke store endringar i arbeidsmarknadspolitikken. Frå 1. januar 2015 vert det gjennom forskriftsendringar lagt opp til at omlag halvparten av tiltaka som NAV tidlegare har kjøpt hjå Sogneprodukt skal ut på anbod. Den 5. desember la Arbeids- og sosialminister Robert Eriksson fram Prop. 39 L (2014–2015) med framlegg om endring i Arbeidsmiljølova og Sosialtenestelova (midlertidig tilsetjing og vilkår om aktivitet for stønad til livsopphald) med endå fleire endringar. Tanken er god: Færre på trygd og fleire i jobb for pengane som vert brukt.

Arbeidsløyse og omfang av trygding er kompliserte problem det ikkje finst enkle og endelege løysingar på. Det er problem som krev at mange aktørar samarbeider i både offentleg og privat sektor. Aktørane vil sjå problem og løysingar frå sin ståstad. Det er her me må «trylle fram» ein god måte å koordinere eit slikt arbeidet på.

Dette er utfordrande fordi det skjer endringar på mange område samstundes. No er det fleire spørsmål enn svar:

- Korleis vert den framtidige kommunestrukturen?
- Vert det storkommunar med eit NAV kontor i kvar?
- Kva skjer med fylkeskommunen?
- Kva skjer med Sogn og Fjordane fylke?
- Kan NAV fylke forsvinne til Molde eller Bergen dersom vårt fylke vert delt i to?

- Kven får ansvar for kva?
- Får kommunane eit større ansvar?
- Kven jobbar for arbeidssøklarane som treng ekstra hjelp opp i alt dette?
Me snakkar om 19 åringen som ikkje lukkast på vidaregåande, 25 åringen med ADHD som kanskje og har vore innoom fengselsmurane, den meir erfarne som treng ein ny karriereveg fordi helsa krev det, innvandraren med språkvanskar som møter lukka dører.
- Kva skjer med attførings- og vekstbedriftene når eigarane står føre krav om samanslåingar?
- Korleis vert den «økonomiske kaka» i Sogn og Fjordane fordelt i framtida?

Eg håper me klarer å ta vare på og vidareutvikle det som er bra i vårt fylke. Her er oversiktlege tilhøve og eit godt grunnlag for å «vere best på arbeidsinkludering». For å ta gode avgjerder må ein sjå på historia så ein ikkje kastar ut «barnet ut med badevatnet».

I 1968 vedtok Stortinget at det skulle etablerast bedrifter som kunne gi eit tilbod om arbeid til personar som ikkje fann seg arbeidsplass ved eiga hjelp. Her i Sogn gjekk framsynte personar i bresjen for å få etablert Sogneprodukt. Einskildpersonar i kommunane og på fylkesarbeidskontoret såg moglegheit for å utvikle arbeidsplassar og samstundes gje eit godt tilbod til personar som ikkje fekk arbeid. Med statleg støtte satsa Sogn og Fjordane fylke saman med kommunane Vik, Sogndal, Årdal, Luster, Balestrand, Leikanger, Lærdal og Aurland. Dei etablerte ei bedrift i Vik. Vik Sparebank, Luster Sparebank, Vestlandsbanken, Aurland Sparebank, Sogndal Sparebank, Indre Sogn Sparebank, Leikanger Sparebank og Norges Handikapforbund gjekk også inn med mindre postar.

På den tida såg ein ikkje føre seg at alle kunne jobbe i same bedrifta når ein hadde «ryggsekk med ulikt innhald». Tankegangen var at dei som hadde «spesielle behov», måtte ha eigne tilbod med spesialhjelp og tilrettelegging. Difor kom det eigne arbeidsmarknadsbedrifter over heile landet.

I 1976 starta Sogneprodukt som mekanisk bedrift i Vik. Industrisatsing låg i tida. Arbeidssøklarar kom frå heile Sogn og fekk seg arbeid på bedrifta i Vik. No er dette vanskeleg å forstå, men då var det først og fremst eit tilbod til menn som var aktuelt. Utfordringa var å utvikle ein godt tilrettelagt arbeidsplass der alle kunne utvikle seg, og samstundes lage nyttige produkt ein kunne selje med fortjeneste. I 1985 vart det opna ei avdeling av Sogneprodukt på Kaupanger for å kunne dekke eit større geografisk område.

Rundt om i landet er det 110 bedrifter som Sogneprodukt. Desse er samla i Attføringsbransjen. Dei aller fleste starta opp som industribedrifter, gjerne innan mekanisk eller trevare. Dei er aksjeselskap som må tene pengar for å utvikle seg, men er samstundes knytt opp til eit lovverk som seier at det ikkje er lov å betale utbytte til eigarane. Dette er samfunnsbedrifter der eigarane sitt utbytte er tenester og reduserte sosiale utgifter.

No er det eit krav at det meste av all arbeidstrening skal gå føre seg i vanlege verksemdar og ikkje internt i attføringbedriftene. I Sogn og Fjordane såg attføringsbedriftene saman med Aetat tidleg at skulle det drivast god attføring i eit så krevjande (=les spanande) geografisk fylke måtte arbeidssøklarane nytte det ordinære arbeidslivet som arena. I Sogneprodukt har me vore ei føregangsbedrift. For 25 år sidan starta

me med ekstern attføring. Slik kunne me gi eit mykje breiare og meir individuelt tilpassa tilbod. Bedrifter har opna dørene og sett at dei kan kombinere trygg rekruttering og samstundes gjere noko for ein enkeltperson. Utan positive arbeidsgivarar som tek samfunnsansvar hadde ikkje dette vore mogeleg.

Framleis har Sogneprodukt nokre interne arenaer. Enten me snakkar opplæring, karriererettleiing, jobbsøking, mekanisk, lakkering, jobbfrukt, kantine, catering eller ved. Kvifor er dette bra når me veit at arbeid i det ordinære arbeidslivet er beste verktøy for å få jobb. Ikkje alle er klar på dag ein for ekstern arbeidsplass og treng tid på å bli tryggare på seg sjølv og sine val. Sjølv om me gjerne vil, må me innsjå eit at det hypereffektive norske arbeidslivet ikkje står klar til å ta imot alle.

I Sogn og Fjordane er det fire attføringsbedrifter: Sandane Industri i Nordfjord, Origod og Mentro i Sunnfjord og Sogneprodukt i Sogn. Desse bedriftene samarbeider for å utvikle kompetanse og tilbod. Saman driv me Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring (www.oktf.no). I snart 15 år har me gitt fagopplæring til personar som treng ekstra hjelp med utdanning.

I fylket er det også 8 kommunalt eigde vekstbedrifter som i hovudsak vart etablert etter HVPU-reforma for å gi eit aktivitetstilbod. Fire av desse ligg i midtre og indre Sogn. Her har det vore ei utvikling i fleire av bedriftene frå å gi eit aktivitetstilbod til uføretrygda til også å kunne tilby hjelp til arbeidssøklarar.

Mykje har skjedd på attføringsområdet dei siste femti åra. Frå å tilby det same til alle arbeidssøklarar, tilbyr me no skreddarsydd opplegg for den einskilde. NAV kjøper tenester som i dei aller fleste tilfelle er eit ynskje om at ein arbeidssøklar skal få jobb. Arbeidssøkjaren set seg mål og utarbeider planar for å nå måla ved hjelp av jobbkonsulentar. Det kan vere mange «skjer i sjøen» som må taklast, men kjensla når arbeidssøkjaren står med arbeidskontrakt i handa er fantastisk. Hjå Sogneprodukt har me i 2014 opplevd det 40 gonger! Då kan Sogneprodukt og NAV gle seg saman med arbeidssøkjaren som er vorten arbeidstakar og arbeidsgivaren som har fått ein nyttilsett.

Me stiller gjerne opp og informerer om de ynskjer det.

Venleg helsing



RAGNHILD FJÆRESTAD

Dagleg leiar

mob 97 56 94 88

www.sogneprodukt.no